

GRO-TOVE SANDSMARK
ISLANDS UNIVERSITET

Hestegrammatikk

Ein grammatisk litteraturanalyse av Øyvind Rimbereid: *Jimmen*

1. «Eg er Jimmen»

Høyre eg no
gode herren
koma nedåt sti
og burtåt stallen mine heimars.

Han mun opna veggjar tvo
og ljoset skal då rida stort
med taumar gull
og munnbet sylver.

Skal eg då ved stauren standa
og standa der
til herren med si tunne
og i frakk og burtåt stauren koma.

(Rimbereid 2011: 5. Heretter vil sitat frå dette verket
bare bli oppgitt med sidetal.) (Døme I)

Diktsamlinga *Jimmen* kom ut på Gyldendal forlag i 2011. Boka fekk god mottaking og blei nominert til Nordisk råds litteraturpris same år. Det som vakte mest oppsikt var språket: «Med enkel ordbruk og i kontrasten mellom kvardagsleg tale og blømande hestedikting skin desse diktsidene med ei mangetydig kraft,» oppsummerte Helge Torvund kritikken sin i *Dagbladet* (Torvund 2011). Verket er ein samanhengande diktsyklus på 65 sider, fletta saman av to diskursar: røysta til ein matavfallskjører og røysta til hesten hans. Språket skiftar mellom ein lett attkjenneleg rogalandsdialekt hos kjøre karen og ei anna og nylaga målform hos fjordingen

Jimmen. Det er rett at kjørekarens arbeidsforteljingar høyrer kvar dagslege ut, men det er også bibelsitat, poetiske avsnitt og filosofiske funderingar. Og om hestespråket er blømande, er det også ofte så jordnært og kroppsnært at det nesten blir vulgært.

Eg kjem ikkje til å gjera nokon målføreanalyse av språket til kjørekaren, men bare slå fast at det er ein sørvestlandsk dialekt med typiske trekk for Stavanger- og Sandnesområdet. Det er ikkje mange bymålstrekk i teksten. I ei tid då skriven dialekt er den vanlegaste målforma i mange medium, t.d. i tekstmeldingar, på Facebook og Twitter, er Rimbereid sin transkripsjon av dialektord svært moderat. Han tar med stumme konsonantar («det», «spannet») og vanlege småord som ikkje er særleg ortofoniske får halda skrivemåten («nok», «at», «om», «som», og personleg pronomen, tredje person fleirtal blir skriva «de»). Dette gjer teksten lett å lesa, og samstundes er morfologi og ordval typiske for stavanger-/sandnes-dialekten: å-endingar i bunden form av hokjønn eintal («håndå») og inkjekjønn fleirtal («beinå»), t-endingar i adjektiv som er utan ending i inkjekjønn i skriftmålet («plutselig»), a-infinitiv, «blaute», dvs. stemde, konsonantar mellom to vokalar («ligavel», «damekåba», «udenfor») og særskilte ord og ordformer («syddra», «styvla», «aurbenken»).

Hesten sitt språk hentar morfologi, ordval og ordformer frå fleire dialektar og språkhistoriske periodar. Syntaksen er ofte spesiell. Det er noko kantete ved språket til Jimmen, som kan minna om rørsleane til ein arbeidshest. I analysen vonar eg å kunna peika på noko av det som skaper denne grove rytmen. Eg tar føre meg nokre utdrag av teksten med tanke på syntaks, morfologi og ordval. I analysen av syntaks legg eg hovudvekt på funksjonsanalyse, men nyttar også verkty frå posisjonsanalysen, altså ordets plassering i setningsskjemaet. Posisjonsanalysen forklarar best den formelle effekten av brota på normalsyntaksen, medan funksjonsanalysen kastar lys på den innholdsmessige sida av endringane. Morfologien går eg bare inn på der det er tydelege brot på normalen, og der det er stilistiske trekk, t.d. bruk av kasusendingar for å skapa folkediktningstil. Eg kjem ikkje til å utføra noka systematisk semantisk analyse av tekstutdrag i grammatisk forstand, men semantiske roller og referansar er sentrale aspekt i all nærlesing, ikkje minst av

dikt, der tvitydige formuleringar og dobbelt botn ofte er avgjerande verkemiddel. Formålet med den grammatiske analysen er å peika på kva språket tyder for ei litterær tolking av diktsyklusen.

Jimmens «språk» er grammatisk sett nokså einsarta i heile verket, og det same gjeld språket til kjørekaren, men i slutten av boka renn kjørekaren si røyst saman med hesten si og blir eitt. Tekstdøma er derfor valde ut frå to kriterium: at dei er typiske eller illustrerande for det fenomenet eg skildrar, og/eller at dei er relevante for den litterære analysen.

2. Syntaks og rytme: «å vera» og «vera ikkje»

Norsk blir med rette definert som eit typisk SVO-språk, det vil seia at den dominerande ordstillinga er subjekt-verbal-objekt (Lie 1977). Som venta er det dette som dominerer syntaksen i kjørekaren sin rogalandsdialekt. I nokre avsnitt er språket ganske munnleg og, som Torvund seier, kvardagsleg (Torvund 2011). Det er utstrekt bruk av ellipse, altså setningar der det manglar eitt eller fleire obligatoriske ledd. Dette skapar flyt og gir inntrykk av ein tankestraum. Andre avsnitt er ganske poetiske, og også der er det mange elliptiske setningar. Her har dette verkemiddelet ein seidande og insisterande effekt, særleg i kombinasjon med gjentakingar, slik det er mange døme om i teksten. Dette er tydeleg på s. 12 der kjørekaren introduserer gjeremålet sitt:

Å skritta jevnt
gjønå gadene

Ikkje dra på!

Å holda taumane så laust
at du kan ha et egg
i håndå.

Aldri ei einaste vridd reim!

[...]

Å vera kjørekaren

Jimmen bare merke som ein sval bris. (Døme II)

Over tolv ytringar vekslar infinitivskonstruksjonar utan finitt verbal med ytringar som konsekvent byrjar på eit nektande setnings-

adverbial. Slike infinitivskonstruksjonar dannar ikkje sjølvstendige setningar på norsk. Når norske lingvistar som Åfarli (Åfarli 1997: 149 ff.) og Nordgård (Nordgård 1998: 173 ff.) har nytta termen infinitivsetningar, har det vore for å syna likskapen mellom syntagme og leddsetningar. Enger og Kristoffersen slår fast: «I tillegg til dei nemnde eigenskapane kan ein infinitivskonstruksjon aldri fungere på eigahand; han er alltid innføydd i eit anna syntagme». Dette gjeld for vanleg tale- og skriftspråk. I lyrikken derimot er desse konstruksjonane ikkje ukjente, som t.d. i Inger Hagerups dikt «Hva lykke er»: «Å få et flørlett spindellev / som kjærtegn over munn og kinn / og tenke litt på vær og vind» (Hagerup 1945). Opp mot dei usjølvstendige og inaktive infinitivane står strenge bydesetningar. Vekslinga ligg også i innhaldet. Infinitiven fortel kva kjørekaren gjer, imperativen kva han ikkje må gjera. Rørsla minner om kjørekarens vekslende blick, som stryk over seletyet og registrerer humpar i vegen. Sjeldan er eigaren si omsorg for hesten så tydeleg som her, ei omsorg han får betalt for. Derfor kan han ha full tillit til hesten:

så trengs ingen brems,
 men bare Jimmen
 som står der når eg forsvinne
 bag ein hekk
 og ner ei kjellartrapp
 te spannå eg hente
 uden at eg tenke på aent enn spann
 og Jimmen finst ikkje lenger
 før eg igjen e oppe
 og gjønå hekken
 kan skimta han stå der med vognå
 og at han holde fast
 holde fast. (Døme III, s. 12–13)

Her ser vi også korleis Rimbereid «teiknar» i teksten: Ved å setja inn detaljane hekk og trapp og spann skapar han ein avstand til hesten, ikkje bare i kusken sine tankar, men også på papiret. Så endar han på gjentakinga «holde fast, / holde fast» og poengterer kva Jimmen gjer medan vi ikkje ser han. Dermed slår han også fast

at kjørekaren er klar over kor påliteleg hesten er, og takksam for den tilliten han kan syna han.

«Å vera»-sekvensen (døme II) har eit samsvar i hesten si skildring av tilveret på s. 43. Men her er det ikkje noko imperativ, bare konstatering. Og her er det konsekvent brukt negasjon.

Og vera ikkje på deim venger
og fugl åt prikkut fljuga.
Og vera ikkje raudt på fotan
og fluge på der pitla.
Og vera ikkje fruva grøna
og attum vide glaset skina. [...] (Døme IV)

Det er sjølv sagt mogleg at hesten, på same måte som norske skulebarn, blandar saman infinitivmerket og konjunksjonen, men stilen minner mest om ei lyrisk oppramsing der infinitivmerket er utelate og setningane knytte samane med «og», som i Hagerup-diktet nemnt ovanfor. Uansett gjer dette særtrekket teksten annleis enn monologen til kjørekaren, sjølv om ordlyden liknar. Medan Hamlet seier «å vere eller ikkje vere, det er spørsmålet» (Shakespeare 2007) og understrekar det eksistensielle valet, formidlar kjørekaren og Jimmen utan atterhald «å vera» og «vera ikkje».

Kjørekaren sitt «vera» er konkret, praktisk og knytt til det arbeidet han held på med, nesten ei slags hugseliste, mens Jimmen sitt «vera ikkje» er eksistensialistisk, eller formidlar jamvel endå meir medvitte av ein ikkje-eksistens. Ved å skildra andre artar og fenomen med eigenskapar han ikkje har, fortel han noko om kven han er, og kva han kan og har. Jimmen flyg ikkje, han er ikkje inne, han er korkje såret eller fluga i såret, for han er ute på bakken, kanskje med sår på foten. Han syner også at han legg merke til omgjevnadene og livet ikring seg, og står slik fram som merksam og var. Herren skildrar korleis han held seg til hesten, og syner seg som ein omsorgsfull kjørekar. Det er altså liknande eigenskapar vi får formidla indirekte i begge diskursane, eigenskapar som lett skapar sympati hos lesaren. Ved å utelata subjektet, «eg», understreker Rimbereid at begge fokuserer på medskapningane sine.

Her er det som sagt ein medviten og meiningsbærande bruk av

ellipse, men elles er Jimmen sitt språk prega av gjentakingar og innskot.

Morgon morgons
 upp til soli og i graset
 og til dropar attum stråi
 so deim mykje helsar. (Døme V, s. 34)

Ordstillinga har sitt eige særpreg. Regelen om verbalet som det første leddet i midtfeltet i forteljande setningar er ei av dei sterkaste føringane for ordstillinga i norsk og blir jamvel framstilt som ein regel utan unntak. I SVO-strukturen er det altså verbalet som er obligatorisk, plassering av subjekt og objekt kjem an på om setninga kan misforståast eller ikkje. Dersom subjektet eller objektet er eit pronomen som blir kasusbyggd, endrar ikkje setninga tyding om ein snur dei om. Ordstillinga kan bli noko kunstig, men blir gjerne brukt til å framheva objektet: «Denne boka har eg lese». Jimmen ser derimot ut til å vilja setja verbalet alle andre stader enn på andre plass. I døme V kjem verbalet aller sist i ei lang ytring, men det er jamvel endå vanlegare at det kjem aller først, jf. døme I:

Tekst	Setningsledd
Høyre	Verbal
eg	Subjekt
no	Tidsadverbial
gode herren koma nedåt sti og burtåt stallen mine heimars.	Objekt
[...]	
Skal	Finitt verbal
eg	Subjekt
då	Tidsadverbial
ved stauren	Stadadverbial
standa [...]	Infinitiv verbal

Slik syntaks er det mange døme på i norrøn diktning, og saman med allitterasjonen gir det svært klare allusjonar til mellomalderpoesien:

«Kópir afglapi / er til kynnis kemur» (Eyvindur Eiríksson 2007: 33) «Hrörnar þöll / sú er stendur þorpi á» (Eyvindur Eiríksson 2007: 49).

Det finnest også døme på normalsyntaks, men dei er i klart mindretal. I dei tilfella der Jimmens setningar byrjar med subjektet, er det mykje vanlegare at eit adverbial eller preposisjonsuttrykk kjem på andre plass:

«Eg då hovud / lågt eg held...» (s. 8)

«Den handi / forutan herre er...» (s. 38)

Forskyving av verbalet til slutten av setninga blir flittig brukt som poetisk verkemiddel i fødselsdagsdikt og konfirmasjonssongar. Denne ordstillinga er heller ikkje ukjent i moderne visetekstar, t.d. i Torbjørn Egners «Torskeviser»: «En ekte lofottorsk jeg er» (Egner 2007).

Vekslinga mellom setningar utan forfelt og setningar med langt forfelt, eller framtunge og baktunge setningar, er utan tvil noko av det som gjer rytmen tung og kantete i Jimmen sitt språk. Stadige gjentakningar og utstrekt bruk av allitterasjon byggjer også opp under dette.

3. Morfologiske særtrekk: noko svartan svart

Kasussystemet slik vi kjenner det frå norrønt har gått i oppløysing i norsk alt på 1500-talet. (Skard 1973: 105-107, 147). Likevel ser ein ofte kasusbøying både i tale og skrift frå den tid, og i visse dialektar har vi restar av kasusbøying den dag i dag. Balladar, folkeviser og stev har ofte slike former. Vi finn ein god del kasusendingar i Jimmen sitt språk, både i substantiv, adjektiv og pronomen, men det er slett ikkje konsekvent, og det er bare i nokre få ord. Dette minner om folkediktinga, ikkje minst fordi det bare er lausrivne restar og ikkje i samsvar med norrøn morfologi. I norrønt endar adjektiv i akkusativ på -an i hankjønn: góðan hest, -a i hokjønn: góða kú og -t i inkjekjønn: gott veður. I folkediktinga er det stort sett bare hankjønnsendinga som har overlevd, men ho blir også overført til hokjønnord, t.d. i den naturmytiske balladen «Myllar-

dottera»: «Dæ rinder å springer i grønnen eng» (Bugge 1998: 49). Oppskrifta til Sophus Bugges er frå 1863, men språkdrakta er utan tvil eldre. I *Jimmen* er det oftast vanlege e-endingar i hokjøn, men stundom -a: «fruva grøna» (døme IV). Derimot endar adjektiv stundom på -an i inkjekjøn: «og berre i sterkan sumarljos» (s. 11), «noko svartan svart» (s. 27). Kasusendingane ser ut til å vera utan samband med funksjonen orda har i setninga. Nominativsord står også i akkusativ og dativ: «likso svartan vinden er» (s. 10).

Ein del arkaiske nynorske skriftspråkstrekk er konsekvente: Svake hokjønnsord får t.d. -or-ending i fleirtal: «tunnor», «fanor». Sterke hokjønnsord har -i-ending i bunden form: «soli», «moldi», og det same gjeld inkjekjønnsord i bunden form i fleirtal: «stråi». Det personlege pronomenet i tredje person fleirtal har stivna med ei dativending, «deim», og det spelar inga rolle kva funksjon det har i setninga: «So deim vrinskar so!» (s. 21). Dette pronomenet blir ofte brukt som ein bunden artikkel saman med substantivet i fleirtal: «Då deim hestom mange / rida stort» (s. 21). «Hestom» står alltid med ei dativsending. Dei fleste andre substantiv står i nominativ. Dette er sjølv sagt med på å gi teksten ein tone frå folkediktinga, men fordi bruken av ymse former er så konsekvent på tvers av tradisjonell kasusstyring, er dette med på å skapa ei kjensle av at *Jimmen* sitt språk er grunnleggande annleis enn menneskespråket, det følgjer sin eigen grammatikk.

Det personlege pronomenet i hankjøn eintal er som oftast «honom», jamvel som subjekt: «Honom så digert hovud hava» (s. 29). Men det hender også at subjektsforma er «han»: «Og herren min han prustar òg / so innum prust han helsar meg» (s. 8). Genitivsforma eller eigedomspronomenet er «honoms». Dette ser merkeleg ut frå eit grammatisk perspektiv, men denne forma er ikkje uvanleg i folkediktinga, t.d. i Olea Crøgers oppskrift av troll- og kjempeballaden «Åsmund Frægdegjæva»: «Så høgje han honoms houvu av...» (Crøger 1998: 48).

I motsetnad til andre konservative nynorskbrukarar er ikkje *Jimmen* redd for genitivs-s i substantiv, men han etterstiller gjerne genitiven: «Morgon morgons», «stallen mine heimars». Dette er den vanlege ordstillinga i norrønt og moderne islandsk, medan det er motsett i moderne norsk. Adjektiv er også gjerne etterstilte:

«fisken gamle», «vegar lange». Dette gir eit historisk og poetisk preg, jamfør «Ormen lange» og «katten grå» (Garborg 1921–22). Det er ikkje bare morfologien og syntaksen som er arkaisk, ordformer som t.d. «um», «so», «jau», «fljota», «ljoden» og «rida» gir også assosiasjonar til Aasen-normalen og tidleg nynorsk dikting. «Longe» er ei ordform ein kjenner frå dialektar i Ryfylke og Telemark.

Den inkonsekvante bruken av arkaisk morfologi har altså ein dobbelt effekt. På den eine sida korresponderer han delvis med den stivna morfologien i folkediktinga og gir allusjonar til henne. Men det finnest også ein inkonsekvens og konstruksjonar som ein ikkje finn att i andre tekstar, og dette, saman med den underlege syntaksen, er som tidlegare nemnd, med på å skapa inntrykk av at dette er eit eige språk med ein eigen grammatikk, og den er verken den same som i moderne norsk eller i norrønt. Derfor er det ei grov forenkling når Aftenpostens bokmeldar, Henning Howlid Wærp seier at hesten uttrykker seg «i en arkaisk høystil som kan minne om balladediktingen» (Wærp 2012). Siste del av utsegna er eg sjølv sagt heilt samd i, slik eg har synt ovafor. Men for det første slett ikkje all balladedikting i høgstil, for det andre held ordforrådet om gras, skit, søppeltønner og kvardagsslit ikkje ein særleg høg stil, og for det tredje er ikkje alle delar av Jimmens tekst like poetiske.

4. Genesaretsjøen i søppelspannet – ordforråd og biletbruk

Språket er gjennomsyra av universet personane er sosialiserte inn i og omgjev seg med. Det er mange ord frå nærmiljøet, namn på reiskaper og handlingar i fortid, nåtid og framtid. Kjørekaren sitt språk er også prega av sundagsskulen og den religiøse oppveksten. Væska i søppelspanna er «ein heil Genesaretsjø». Bibelsitata og tilvisingane er som regel sitat frå systera: «*Se til liljene på marken / hvorledes de vokser, de arbeider ikke, / de spinner ikke, seie syster mi ...*» (s. 32). Slik distanserer han seg til det religiøse tankegodset, samstundes som det stadig dukkar opp i teksten. Systera er innlagt på Dale psykiatriske institusjon. Ho er full av religiøse spekulasjonar,

Åsgard og Sleipner har han frå den norrøne mytologien, og mytiske motiv kan finnast i døme XVI, XVII og XVIII. Men det finnest også kristne innslag i språket hans; «soli klåre» (s. 8) er t.d. ein klar allusjon til salmen «Eg veit i himmelrik ei borg» (Støylen 1989), og framtidsvisjonane hans minner om profetiane i det gamle testamentet eller Johannes openberring:

Ikkje sjå
 men berre nedåt
 og med øyra eine høyra
 og høyra då deim alle hestom
 òg på jordi deim seg leggja
 og herren min han leggja seg på jordi òg
 og mange fleire herran
 leggja seg på jordi langt der inni sine heimar
 og fuglar falla ifrå tre
 og leggja seg på jordi med. (Døme VII, s. 38)

Kontrastane i hestediskursen kjem ikkje bare av vekslinga mellom det konkrete nære og det mytiske og ukjente. Også i skildringane av nærmiljøet er det ei veksling mellom naturpoesi og banal kroppssleg hestekvardag. Dei sistnemnde avsnitta er enkle og vulgære, dyriske i den forstand at det er her Jimmen mest får stå fram som eit dyr:

Eta då attmed digre hola
 og eta deim gode stråi
 ein bete inn i hòla òg
 og mykje meir strå der er.
 Skita skit. (Døme VIII, s. 27)

Lesaren får med seg opphavet og enden på næringsprosessen, beiting og skiting, og blir med Jimmens mule gjennom graset og ned i ei hule i jorda. Meir jordnært kan det neppe bli! Høgstil er det i alle fall ikkje.

Hesten er eit klassisk symbol på seksualitet og virilitet. Dette dyret blir brukt som erotisk metafor hos den eine hovudpersonen sin navnebror, profeten Jeremia: «Dei er brunstige, velfødde hestar,

kvar mann vrinskar etter kona til grannen» (*Nettbibelen* 2011). Freud tolkar hesten på liknande måte i *Drømmetyding* (Freud 1966). Men sjølv i dei mest kroppsnaere sekvensane i *Jimmen* er denne sida av livet heilt utelaten. Det er kanskje ikkje så merkeleg med tanke på at trekkhestar som regel er vallakar, og at Jimmen slik sett neppe har noko driftsliv. Det er likevel litt påfallande at han aldri observerer og filosoferer over dette hos andre, så merksam som han er. Endå merkelegare er det at kjørerekaren heller aldri har slike tankar eller fantasiar. Han er rett nok langt oppe i åra, og dette er ikkje noko vanleg samtaleemne for ein kusk på Sørvestlandet, men teksten inneheld heller ingen minne om ungdomsforelsking og lengslar. Det er faktisk ikkje mange minne i det heile, heller ikkje om foreldra. Her er det eit hol i teksten så vel som i hovudpersonane sitt liv. Dette forsterkar og synleggjer det tette forholdet mellom dei to. Den fysiske nærleiken dei får i løpet av dagen, får dei frå kvarandre.

Hesten sitt biletspråk er prega av ei einskapstenking. Han identifiserer seg ikkje bare med bilane, som jo på mange måtar blir stadgjengarane hans og tar over dei oppgåvene han har hatt som trekk- og transportdyr, men også med fuglane på himmelen:

Fuglar uppå lufti rida
og ikring foten eine min
kvisten heng
og er kan henda
vengje òg. (Døme IX, s. 13)

Verbet han bruker om rørsle er som regel «rida», anten han omtalar gange, kjøring eller flyging. Jimmen kan virka einfaldig der han skildrar lastebilane som hestar med lange hengemaner og skitflekkar på bringa:

Då deim hestom mange
 der på vegen
 inn til byen rida
 og rida då med fotan høge
 og med longe hengjemanar
 og med skiten uppå manar
 og med grå'e flekkjo
 uppå bringa.
 So den vegen bivrar so. (Døme X, s. 21)

Men skildringa av dei skitne kjøredoningane med gråe flekkar som får vegen til å bivra er både talande og poetisk. Om natta blir bilane skildra som lys og logar: «Nokre ljøs / rid av gare ifrå heimar» og «Ser eg attmed brekko / ein loge vetle...» Skildringane til Jimmen er ikkje langt frå dei metaforane herren også bruker:

Som fygande ud
 av ingenting.
 Svarte flekkar,
 før de nærme seg
 og bler røde, grønne, ein mørkeblå Volvo.
 (Døme XI, s.19)

Både hesten si skildring av logane og mannen si skildring av flekkane som blir fargar som blir bilar, er allusjonar til Rudolf Nilsens dikt «Storbynatt» fra 1925: «Og prikken blir en bil. Men den er vekk» (Nilsen 1925). Akkurat dette diktet blir gjerne brukt som døme på ein urbanisert poesi der byen med sine hus, gater og bilar har blitt det heimlege og kjente, slik han jo også er for Jimmen og kusken. Men uansett kor ofte ein rører seg i gatene, utgjer bilen ei uro og ein potensiell fare. I skildringa av kusken sin kontroll i denne farlege situasjonen siterer hesten mennesket. Kjørekaren sin stemme kjem inn som eit eige fenomen og er merkt med kursiv:

Herre dreg då i meg munbet so
 og kan'kje meir eg ganga
 og herren kjem då framum
 og i grima held og *ikkje ikkje*.
 Så eg berre standa må. [...]
 [Forfattaren si utheving.] (Døme XII, s. 18)

I tillegg til å bruka metaforar på liknande måte som Jimmen, brukar mannen ein god del simili: «Som om regnet e ei hånd/ som skrelle all skiden av. [...] Som om dagane sjøl e skid/ der de flerres og skrelles vekk...» (s. 23). Dette tydeleggjer refleksjonen. Medan vi stundom kan vera i tvil om Jimmen verkeleg trur at kvisten er ein venge, eller bilen ein hest, er vi fullt klar over at mannen veit at regnet ikkje *er* ei hand. Similiane er også tilvisingar til andre poetiske periodar. Det er kanskje først og fremst romantikken som er kjent for dette verkemiddelet, men det gir også assosiasjonar til ein viss type modernisme, som t.d. i Paal Brekkes «Roerne fra Itaka»: «og latteren rislet som vann under spantene [...]» (Brekke 1998: 575–578).

Det at synsvinkelen ligg hos hesten skapar ei sjklovskijsk undarleggjering av arbeidet og omgjevnadene slik Hennig Howlid Wærp peiker på i ei bokmelding i Aftenposten (Wærp 2011). Den russiske litteraturteoretikaren og formalisten Sjklovskij meinte at språket har blitt automatisert, og at forfattaren kan bryta opp denne automatikken m.a. gjennom uventa synsvinklar, og på den måten få oss til å sjå tinga på ein annan måte og leggja merke til ting som har vore automatiserte:

Kunstens mål er å gi oss følelse for tingen, en følelse som er et syn og ikke bare en gjenkjennelse. Kunstens virkemiddel er «underliggjørelsens» virkemiddel og den vanskeliggjorte forms virkemiddel, som øker vanskeligheten og lengden av persepsjonsprosessen, for i kunsten er persepsjonsprosessen et mål i seg selv og må derfor forlenges. Kunsten er en måte å oppleve tingenes tilblivelse på, det som allerede er blitt til er i kunsten uviktig. (Sjklovskij 1993)

Eit av døma Sjklovskij brukar i artikkelen «Kunsten som grep», er Tolstojs novelle «Målestokken», der synsvinkelen ligg hos ein hest, akkurat som her. Sjklovskij snakkar om prosa, men omgrepet hans kan godt nyttast om dikt der dette grepet er brukt. Rimbereid aukar underleggjeringa ved at hesten også får sitt eige språk. På den måten blir ikkje bare orda sitt innhald, men også grammatikken og syntaksen, underleggjort, og dikta gir ikkje bare ei oppleving av at tinga blir ting, men av at språket i seg sjølv blir til. Dette verke-

middelet har Rimbereid brukt tidlegare i diktsamlinga *Solaris korrigert* der språket er ei blanding av språka kring Nordsjøen, først og fremst sørvestnorsk og engelsk med islett av tysk, flamsk, dansk, færøysk og jamvel islandsk.

SOMTIMS ven aig svefndrauma kan
 aig draumen ein simpl, silly draum
 SO er den: AIG imago meg self
 lefa innside ein astroide
 vid hundre odder humans
 (Rimbereid 2004: 19. Døme XIII)

Dette skal vera framtidias språk i oljeindustrien, men dei historiske røtene er tydelege, og det er mange trekk frå norrønt og mellomnorsk. Språket i denne boka er godt og grundig analysert i masteroppgåva *Ein place millom seagrass og sol – stedsfornemmelser i Øyvind Rimbereids dikt "Solaris korrigert"* av Elin Lindberg. Syntaksen er nærare norsk normalsyntaks i denne diktsamlinga enn i *Jimmen*.

5. Talar eg til deg, fotan høge

Jimmen og kjørekaren skildrar altså dei same tinga på ulik måte, ut frå ulike føresetnader og med ulike språk eller målformer. Ein kan godt bruka Bakhtins polyfoniomgrep om dette verket, sjølv om det ikkje er nokon roman. Diktet er episk og mange avsnitt ligg nært prosa, især i kusken sin diskurs. Dei to røystene gir ulike versjonar av den same røyndommen. Men om det er to lyriske eg, består diskursen på mange måtar av endå fleire røyster, sidan både kusken og ikkje minst hesten har fleire totalt ulike talemåtar, frå det kroppslig vulgære til det profetisk høgstemde.

På mange måtar ligg det to lag ironi i verket, særleg i Jimmen sitt språk. Den mest opplagde ironien er motsetnaden mellom det Jimmen ser og det han skildrar, men ovanpå dette kjem herren si tolking av det Jimmen ser og skjønar: «Jimmen forstår ingen ting av det som skjer nå. / Han forstår seg knapt på tjuve minuttar framve./ Itte det så går alt i ring for han» (s. 52). Dette tenkjer kjørekaren medan han og Jimmen står og ser på condeepen som blir slept

ut på havet. Jimmen ser denne konstruksjonen som ein høgføtt hest, og han talar til han, men han er fullt klar over at han ikkje er levande:

Talar eg til deg, fotan høge.
 Høyrer du det, fotan høge!
 Eg veit du veit 'kje bakken.
 Eg veit du kan 'kje bøygja nakken.
 Eg veit du kan 'kje hjala
 og siglebåtar må deg dra.
 (Døme XIV, s. 54)

I fire strofer som begynner på det forkynnande «Talar eg til deg», kjem Jimmen med ein visjon. Det skal koma ein åtteføtt hest. Jimmen skal springa til denne hesten, søkka og bli borte. Det han formidlar til «fotan høge» er altså nett det at hans eiga tid er forbi og ei ny framtid skal koma.

Denne bolken er utan tvil i høgstil, og dette er eitt av svært få innslag av enderim. Gjentakningane, den poetiske stilen og det dommedagsprega innhaldet gir teksten profetiske trekk. Det er ein tydeleg allusjon til apologetisk litteratur, både til Johannes openbaring og til profetiane i det gamle testamente. Enda tydelegare er Jimmens syner ein allusjon til den visjonære folkediktinga, som t.d. i den visjonære mellomalderballaden «Draumkvede». Diktet har mykje sams med Dantes *Den guddommelege komedie* (Alighieri 2005) og formidlar katolsk mellomaldertankegods med detaljerte helvetesskildringar, men vegen over til dødsriket går framleis over den heidne Gjallarbrua (Bugge 1998: 18). Og på same måte som i Draumkvede er det innslag av norrøn mytologi hos Jimmen: «Høyr no koss'e hesten eine kjem! / Han på fotan åtte...» (s. 55). Bolken endar med at «hesten eine rid ifrå», og då er Jimmen borte:

Koss eg då ned mun søkka
 og fotan høge aldri meire sjå.
 Og berre jarnstaur uppe klirra
 då hesten eine rid ifrå. (Døme XV, s. 55)

Jernstaturen er eit opplagt metonym for den mekaniske, tekniske

verda, som jo i stor grad består av jern, og som er i ferd med å ta over for hesten, naturhushaldninga og det samfunnet Jimmen kjenner. Når alt kjem til alt ser det nemleg ut til at hesten veit like mykje som herren om framtida for lokalmiljøet, og er minst like klar over at tida deira i dette miljøet er avgrensa.

Dette er som nemnt ikkje første gong Jimmen spår død, ikkje bare for seg sjølv, men for «deim alle hestom», herrar og fuglar. Her er døden svært konkret skildra ved at alt skal liggja på jorda. «Då den jordi / mun ei diger hand vil vera». For Jimmen er kontakten med herren først og fremst kontakt med handa. Det er handa som set beislet i munnen hans, handa som stryk og handa som fører taumane. Også den siste styringa mot jorda, ser Jimmen som ei hand:

Den handi
forutan herre er
og korkje namn
og tunnor hava
og slett då ikkje
Jimmen kallast. (Døme XVI, s. 38)

Jorda si hand, eller døden, har ingen herre. Her er det ei ateistisk og naturvitskapleg skildring av døden. Døden er å ligga i jorda, utan rørsle, utan arbeid, utan namn. Elles i verket er døden ofte skildra med bilete og ordforråd frå norrøn mytologi, som eit møte med Odin og ein gange over Gjallarbrua:

Springa då av garde
[...]
Til ei bru og den brui
er kan henda gjallarbrui? (Døme XVII, s. 29)

Jimmen er ikkje bare i stand til å tolka tekniske konstruksjonar ut frå sine eigne erfaringar, han set dei også inn i ein mytisk samanheng, tilknytninga mellom livet og døden. Like før har hesten skildra korleis han beita ned i graset og kikket ned i den svarte molda. Nå står han overfor Gjallarbrua. Han kan risikera same skjebne som

eg-et i «Draumkvede»: «No hev eg gjenge Gjallarbrui med rapa mold i munn» (Bugge 1998: 18).

Her er som sagt hesten sitt etterliv tydeleg knytt til folkediktinga og til norrøn tru. Det siste får også ei dobbel tyding, sidan dei norske oljefelta i stor grad har fått namn frå mytologien. Lenka mellom oljealderen og hestealderen blir klart synleg når Jimmen ramsar opp dei vesena han treffer på veggen. Slik eg syner i analysen av døme X er det rimeleg å tolka dei som bilar, og denne strofa kjem i same sekvensen.

Då deim hestom mange
nemner seg til
Hemsbles og Nedveg
og Åsgard og Valder og Sleipnir [...]
(Døme XVIII, s. 21)

Det er ikkje alle namna Jimmen ramsar opp, som har tilknytning til oljeindustrien. Nokre er visst bare namn. Dette minner litt om «Dvergatal», som er ei oppramsing av dvergenamn utan synleg tyding i det islandske mellomalderdiktet *Völuspá*, strofe 10–16 (*Eddukvæði* 1968: 76–77), og bygger opp under allusjonen til den norrøne diktinga og det norrøne mytiske universet.

Jimmens visjon om å siga i jorda har samsvar i ein draum kjørerekaren gjer greie for på s. 42. Det er dagen etter at dei har vore ute hos grisebonden med sydrene, og mannen drøymmer at Jimmen forandrar seg til ein gris som piler mot berget «og forsvinne onna ei gigantisk steinhella». Han er lett til beins «som ei fjellgeit» og minner helst om Frøys eller Frøyas galt Gyllenbuste (*Eddukvæði* 1968: 501),¹ som kunne springa like lett til lands som til vatns og i lufta med. I tillegg til hesten er grisene dei einaste husdyra vi møter i samlinga. Dei er endestasjonen for den matsøpla Jimmen og kusken leverer, øvst i resirkuleringsnæringskjeda, og slik sett i slekt med den norrøne galten, Særrime, som blir eten kveld og livnar til att neste morgon (*Eddukvæði* 1968: 153). I den store samanhengen

1 I «Hyndluljóð» i Edda seier Frøya at dvergane har laga Gullenbuste til henne: «Gullinbursti,/ Hildisvíni,/ er mér hagir gerðu/dvergar tveir,/ Dáinn og Nabbi.» (Edda 1968: 501), medan Snorre Sturlason fortel i «Gylfaginning» at det er Frøy som kjører med Gullenbuste: «En Freyr ók í kerru með gelti þeim er Gullinbursti heitir eða Slíðrugtanni» (Snorre Sturlason 1997: Kap. 49).

er oljeutvinninga også ei resirkulering av organisk materiale, slik kjørekaren peiker på ved ulike høve.

6. Kan eg snakka ikkje heller – diskursane renn saman

I folkeeventyra kjem gjerne hesten med gode råd til hovudpersonen, og bondekulturen er full av historier om korleis hestar har «kjent på seg» ulykker eller naturkatastrofar og redda seg og kjørekaren ved t.d. å nekta å gå vidare. Hesten er kjenslevar for overnaturlige fenomen og stoppar for vætter og skrømt og på stader der nokon har tatt sjølv-mord (Kostveit 2007). I slutten av boka er det på mange måtar både dette og det motsette som skjer. Jimmen kjenner på seg at tida deira er over, og tek dei begge over Gjallarbrua og inn i den mytiske og litterære verda. På det konkrete planet dreg han dei beint inn i framtida: Kjørekaren trur dei har hamna ved Kverneland fabrikkar som produserer plogar, men i det han kjem inn, ser han at det står skrive Tralfa. Det firmaet produserer symbolsk nok robotar, som i alle fall til ei viss grad overtar arbeidet for menneska slik bilar og traktorar har tatt over for hesten. På denne framtidsretta staden forsvinn mann og hest for kvarandre, mannen går inn i fabrikk medan hesten blir att utanfor. Samtidig smeltar språket deira saman, eller rettare sagt: Kjørekaren overtar Jimmen sitt språk:

og eg må riva både av meg frakken
og styvlane
bare de slenga
for herre jesus ka dette e for någe
kan eg snakka ikkje heller [...] (Døme XIX, s. 64)

Inntil nå har det vore lett å sjå kva for eit lyrisk eg vi har å gjera med i dei ulike sekvensane. Vekslingane mellom diskursane kjem stundom brått og uventa, men dei språklege ulikskapane gjer det likevel tydeleg kven som seier kva. Her kjem ein glidande overgang mellom kjørekaren sitt oppløyste menneskespråk til Jimmen som

leiter etter herren. Verbet forvillar seg ut av den obligatoriske andreplassen i setninga

Tekst	Setningsledd
bare	Modalt adverbial
de	Subjekt
slenga	Verbal
[...]	
kan	Finitt verbal
eg	Subjekt
snakka	Infinitiv verbal
ikkje	Setningsadverbial
heller	Adverbial
lenger	Tidsadverbial

Kjørekaren er tydeleg klar over at det skjer noko med språket hans. Den metaspråklege setninga kan tolkast på to måtar: «Kan eg ikkje snakka heller» (i tillegg til det andre eg ikkje kan). Dette er nok den mest opplagde tolkinga. Men ein kan også lesa det som: «Kan ikkje eg heller snakka» (og er språklaus som Jimmen). Uansett går språket her over i Jimmens poetiske ugrammatiske setningar. Det er hesten som får det siste ordet

og sjå med auge eine
styvlar gode herren
vore her hava. (Døme XX, s. 64)

Det er bare støvlane som står att, herren er der ikkje lenger. Ein kan nesten lura på om han har stige til himmels som den profeten systema seier at han er. Før han blir borte, har han først blitt ført av stad i kjerra av Jimmen, deretter kjenner han ein veldig varme, noko som gir assosiasjonar til Elia som blir ført opp i ei eldvogn. Det er varmen som har drive kjørekaren or støvlane, men systema kallar han litle-Jeremias, ikkje Elia. Uansett er det ikkje urimeleg å tolka denne endringa eller brotet i diskursen som brot i livsløpet, døden. Sjøppelkjøraren sluttar å eksistera og diskursen hans tagnar, men hesten hans søker han ennå.

7. Konklusjon

«Eg har sett mannen min verkeleg nedfor tre gonger i livet,» sa ei eldre kvinne til meg, «då kvar av foreldra hans døydde, og då han måtte slakta hesten.» Gode dyreeigarar har omsut for alle dyra sine, men trekkdyret er ikkje bare eit objekt for det arbeidet ein gjer på garden, det er eit medsubjekt i dei oppgåvene ein utfører i skogen, åkeren og på vegen. For hesten og kjørekaren i *Jimmen* gjeld samarbeidet heile arbeidsdagen. Det er ikkje minst dette særskilte tilhøvet Rimbereid belyser ved å la dyret få si eiga røyst i teksten.

Hesten som spegelbilet, samarbeidspartnar eller representant for mennesket er ikkje noko nytt i litteraturen, og ikkje sjeldan er det hesten som er klokast og veit best. Det mest opplagde og kjende dømet er truleg «Houyhnhnmenes land» i *Gullivers reiser* (Swift 1969) der hestane rår og er kloke, medan menneska er primitive og underordna. I Victor Hugos novelle «Padden» (Hugo 1995) er det hesten som går føre med eit godt føredøme og lar vera å trø på ei stakkars padde som nokre gutar har pint og plaga, og på den måten syner kor hjartelause gutane har vore. Endå nærare, både i stil, tid og geografi, er hesten i Tarjei Vesaas' *Båten om kvelden* (Vesaas 1968: 9–30), som Odd Surén peiker på i bokmeldinga si i *Dag og tid* (Surén 2011). I kapittelet «Slik det står i minnet», som også kan lesast som ei sjølvstendig novelle, er motivet ein hest som trår seg og skadar seg på hesteskosauken. Her er tilhøvet mellom menneske og hest sentralt. Også der får hesten delvis røyst i ein arbeidssituasjon, og også denne hesten er poetisk. Refrenget til hesten er «slik er min song», og teksten har lyriske virkemiddel som repetisjon og rytme. Men rytmen blir broten alt etter andre lina:

Den logande svien ber hesten.
 Utan ein lyd, som dei andre.
 Er hos mennesket, hos mennesket
 og aldri anna mennesket,
 eg er hesten,
 og slik er min song».
 (Vesaas 1968: 29. Døme XXI)

Det er mennesket som skapar brotet i rytmen, og det får stor plass ved å bli nemnt tre gonger. Så er også mennesket ei indirekte orsak til brot i hesten sin rytme i eigentleg forstand, i og med at det er mennesket som har skodd hesten og sett han i den situasjonen at han trår seg og blir halt. Dei to menneska, faren og gutungen, prøver ein etter ein å reinsa såret ved å tissa i det, men ingen av dei klarer det. Hesten må bare stå der, avhengig av hjelp frå den som har skapt problemet. Vesaas bruker denne episoden til å peika på hesten og forholdet mellom mann og hest som ei tilknytning til fortida: «Boteråder ved skade, langt frå all førstehjelp: Den hjelp ein har sjølv. Fort og hardt. Ein gufs frå langt atti tidene: Reins det varme såret med ditt eige salte manne-mig! Frå heiden tid er det gjort. Om det var til hjelp eller til skade er ukjent» (Vesaas 1968: 22).

I Vesaas' tekst har ingen av personane namn: dei er «mannen», «barnet» og «hesten». I Rimbereid sin tekst får vi vita kva hesten heiter, men det er uklart om kjørekaren faktisk heiter Jeremias, eller om det bare er noko systema kallar han. Det er ein parallell mellom «eg er hesten» og «Eg er Jimmen», men samstundes ei motsetning, i og med at det siste er eit særnamn. Jimmen er ikkje noko tradisjonelt hestenamn, korkje i landbruket eller i litteraturen. Med alle folkediktingsallusjonane kunne ein ha tenkt seg eit tradisjonelt namn som Borken, Blesen, Svarten, eller eit mytologisk namn som Sleipner eller Pegasus. Jimmen er på den eine sida eit lån frå engelsk, på den andre sida fornorska ved ein bunden artikkel. På Sørvestlandet er det ikkje uvanleg å danna kjælenamn av gutenamn eller etternamn ved å leggja til den bundne artikkelen: Ronnyen, Stokkalanden. Dette blir ei slags dobbel bestemming, og skapar auka nærleik, sidan særnamnet syner til eit bestemt individ, og den bundne forma til noko som alt er kjent. Sjølv om Jimmen ikkje er eit tradisjonsnamn, er det altså eit sannsynleg hestenamn og eit realistisk innslag i verket.

Dei tydelege grammatiske og leksikalske tilvisingane til Eddadikting, folkedikting og salmar understreker hesten som eit litterært, men også historisk vesen. Dette høver bra med tematikken i verket at dette samspelet mellom mann og hest er i ferd med å bli erstatta av menneskets bruk av maskinar. Og maskinane er avhen-

gige av oljen som «Fotan høge» og den nye industrien i Nordsjøen skal skaffa oss. Jimmen er ein av dei siste søppelhestane, kanskje den aller siste. Som Torvund peiker på i bokmeldinga si (Torvund 2011), er han faktisk urealistisk seint ute, for då verksemda byrja i Nordsjøen, var det alt ulovleg å bruka usterilisert matavfall til dyrefôr. Språket i hestediskursen er fullt av trekk som har forsvunne, eller er i ferd med å forsvinna, frå norsk tale- og skriftspråk, men som har fått sin plass i diktinga. Likevel er Jimmens språk noko anna og meir enn bare grammatiske og litterære allusjonar: Trekka er frå ulike tider, og både syntaks, morfologi og ordforråd følgjer sine eigne reglar. Det er altså eit anna språk enn menneskespråket, eit hestespråk.

Med tanke på alle dei andre allusjonane til norrøn mytologi og Eddadikta, er det ikkje urimeleg å knyta Jimmens eine auge i den siste strofa til Odin, den einøygde visdoms- og skaldskaps-guden. Mannens diskurs har gått inn i hestens mytiske og lyriske univers, og hesten høyrer til blant gudane. Denne einskapen som har vore eit arbeidslag i uminnelege tider, er nå i ferd med å forsvinna frå bybiletet. Saman trer dei over i ei anna språkleg røynd og inn i litteraturen, men då er diktsyklusen til ende.

ÚTDRÁTTUR Hestamálfræði

Hér er á ferðinni bókmenntafræðileg og málfræðileg greining á ljóðasyrpu Øyvinds Rimbereds *Jimmen*, sem var tilnefnd til Norrænu bókmenntaverðlaunanna 2011. Í bókinni eru tveir sögumenn: ekill, sem ekur með matarleifar frá heimilum bæjarins til svínabónda, og hesturinn hans, Jimmen. Ekillinn talar mállýsku frá Suðvestur-Noregi, nánar tiltekið frá Stavanger-/Sandnessvæðinu, en hesturinn talar sérhannað tungumál með sérstökum orðaforða, beygingarmyndum og setningaskipan. Hestamálið ber sum einkenni forns máls, tungumáls þjóðkvæða, íhaldssamrar nýnorsku og ýmissa mállýskna, en þar sem reglur um beygingar, fallstýringu og setningaskipan eru hvorki í samræmi við forna málið né nútímanorsku skapast eigið tungumál með eigin reglur og á sínum forsendum. Hrynjandin er þung og gróf eins og göngulag gamals

vinnuklárs. Með þessu tungumáli lýsir Rimbereid hestinum sem dýri, vinnufélagi og bókmenntalegu fyrirbæri. Eklinum er lýst sem umhyggjusömum húsbónda sem er meðvitaður um samfélagsbreytingarnar. Samband þeirra byggist á vinnu, trausti og ást. Einingin hestur og maður er að hverfa úr bæjarmyndinni en heldur áfram í skáldskapnum. Í lok bókarinnar leysist tungumál ekilsins upp og rennur saman við tungumál hestsins. Maðurinn er horfinn, væntanlega dáinn, og hesturinn er að leita að honum. Sagt er fyrir um dauða þeirra í ljóðunum. Auk þess að vera hjartnæm lýsing á samstarfi og sambandi hests og manns er bókin óður til tíma sem eru að hverfa inn í heim bókanna.

Lykilorð: Øyvind Rimbereid, ljóðagreining, málfræði, norskar bókmenntir, hestur

ABSTRACT Horse Grammar

This is a literary and grammatical analysis of the long narrative poem entitled *Jimmen* by Øyvind Rimbereid, which was nominated for the 2011 Nordic Literary Prize. The book has two narrators: The coachman, who drives the kitchen leftovers from the town to a pig farmer, and his horse. The coachman speaks a dialect from the Stavanger/Sandnes-area in southwest Norway, while the horse has a particularly designed language with special vocabulary, declensions and syntax. The horse's language has something in common with Old Norse, the language of folk songs, archaic Nynorsk and some dialects. However since the rules of declension, cases and syntax are neither according to Old Norse nor modern Norwegian, a new language is created with its own rules and conditions. The rhythm is heavy and clumsy like the movements of an old cart horse. With this language Rimbereid describes the horse as a beast, workmate and literary phenomenon. The coachman is described as caring and conscious of the changes in society. Their relationship is based on work, trust and love. The unit of coachman and horse is about to disappear from the streets, but will live on in literature. At the end of the book the language of the coachman dissolves and merges

with that of the horse. The man is gone, probably dead, and the horse is looking for him. Their passing is foreseen in the poems. In addition to being a warm description of the cooperation between man and beast, the book is an ode to an age which is fading into the realm of literature.

Keywords: Øyvind Rimbereid, analysis of poetry, grammar, Norwegian literature, horse

KJELDER

- Alighieri, Dante. 2005. *Den guddommelege komedie*. Oslo: Gyldendal.
- Brekke, Paal. 1998. «Roerne fra Itaka» i Stegane, Vinje og Aarseth. *Norske tekster. Lyrisk*. Oslo: Cappelen.
- Bugge, Sophus (red.). 1998. «Draumkvede» i Stegane, Vinje og Aarseth. *Norske tekster. Lyrisk*. Oslo: Cappelen.
- Bugge, Sophus (red.). 1998. «Myllardottera» i Stegane, Vinje og Aarseth. *Norske tekster. Lyrisk*. Oslo: Cappelen.
- Crøger, Olea (red.). 1998. «Åsmund Frægdegjæva» i Stegane, Vinje og Aarseth. *Norske tekster. Lyrisk*. Oslo: Cappelen.
- Eddukvæði*. 1968. Ólafur Briem (red.). Reykjavík: Skálholt.
- Egner, Thorbjørn. 2007. *Kaptein Sorte Bill og andre kjente Egner-viser*. Oslo: Cappelen.
- Enger, Hans Olav og Kristoffersen, Kristian Emil. 2008. *Innføring i norsk grammatikk. Morfologi og syntaks*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.
- Eyvindur Eiríksson (red.). 2007. *Hávamál*. Reykjavík: Ásatrúarfélagið.
- Freud, Sigmund. 1992. *Drømmetydning*. Oslo: Cappelen.
- Faarlund, Lie og Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Garborg, Arne. 1921–1922. *Skriftir i samling / Arne Garborg. – Jubilæumsutg.* Kristiania: Aschehoug. Bind 5. Lasta ned 04.07.12 frá Internett: <http://www.dokpro.uio.no/litteratur/garborg/>
- Hagerup, Inger. 1945. *Videre*. Oslo: Aschehoug.
- Hugo, Victor. 1995. «Padden» i Borgen m.fl. *Dørene åpnes. Antologi 2*. Oslo: Fag og kultur.
- Iversen, Ragnvald. 1973. *Norrøn grammatikk*. Oslo: Aschehoug.
- Kostveit, Åsta Østmoe. 2007. *Hesten i myter og folkekultur*. Oslo: Tun forlag.
- Lie, Svein. 1977. *Innføring i norsk syntaks*. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget.
- Nettbibelen*. 2011. Jeremia 5,8. Lasta ned 22. 09.12 frá Internett: <http://www.bibel.no/Hovedmeny/Nettbibelen.aspx?submit=Vis&parse=Jer+5%2c8&type=and&book2=-1&searchtrans=>

- Nilsen, Rudolf. 1998. «Storby-natt» i Stegane, Vinje og Aarseth. *Norske tekster. Lyrikk*. Oslo: Cappelen.
- Nordgård, Torbjørn (red.). 1998. *Innføring i språkvitenskap*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Rimbereid, Øyvind. 2004. *Solaris korrigert*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Rimbereid, Øyvind. 2011. *Jimmen*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Shakespeare, William. 2012. *Hamlet*. Oslo: Forlaget Oktober.
- Skard, Vemund. 1973. *Norsk språkhistorie*. Bind I til 1523. Oslo – Bergen Tromsø: Universitetsforlaget.
- Snorri Sturluson. 1997. *Gylfaginning*. Netútgáfan. Lasta ned 01.12.12 frá Internett: <http://www.snerpa.is/net/snorri/gylf.htm>
- Støylen, Bernt. 1989. «Eg veit i himmelrik ei borg» i *Norsk salmebok*. Oslo: Verbum.
- Surén, Odd. 2011. «Alt har sitt språk» i *Dag og Tid* 02.12.11 Lasta ned 06.07.12 frá Internett: <http://www.dagogtid.no/nyhet.cfm?nyhetid=2171>
- Swift, Jonathan. 1969. *Gullivers reise til hestenes land*. Oslo: Fabritus og sønner.
- Torvund, Helge. 2011. «Mellom kvardagsleg tale og blømande hestedikting» i *Dagbladet*. 31.01.11. Lasta ned 6. juli frá Internett: <http://www.dagbladet.no/2011/10/31/kultur/litteratur/anmeldelser/litteraturanmeldelser/bok/18804054/>
- Vassenden, Lars. 1993. *Norsk syntaks*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Vesaas, Tarjei. 1968. *Båten om kvelden*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Wærp, Henning Howlid. 2011. «Kjørekaren og hans hest» i *Aftenposten* 11.11.11. Lasta ned 08.09.12 frá Internett: <http://www.aftenposten.no/kultur/Kjrekaren-og-hans-hest-6695303.html>
- Wærp, Henning Howlid. 2012. «Fra hestens munn» i *Aftenposten* 21.03.12. Lasta ned 06.07.12 frá Internett: <http://www.aftenposten.no/kultur/anmeldelser/Fra-hestens-munn-6789811.html>
- Åfarli, Tor A. 1997. *Syntaks, setningsbygning i norsk*. Oslo: Samlaget.